



# Instruktørtannlege (20 %) ved Seksjon for periodonti

## Instruktørtannlege (20 %) ved Seksjon for periodonti

Ved Det medisinske fakultet, Institutt for klinisk odontologi, er det ledig ei fast stilling som instruktørtannlege (20 %) med arbeidsplass for tida ved Seksjon for periodonti. Stillinga er ledig frå 5. august 2019.

Den som vert tilsett må rekne med å gjere teneste ved andre seksjonar ved behov.

### Arbeidsoppgåver:

Arbeidet omfattar klinisk og teoretisk undervisning av kandidatar og studentar, behandling av institusjonen sine pasientar, og rettleiing og vurdering av kandidatar og studentar både praktisk og teoretisk. I tillegg vil det vere aktuelt å vere med på å utvikle instituttet ved deltaking i prosjekt og utval. Det vil vere mogleg å delta i faglege fora.

### Kvalifikasjonar og personlege eigenskapar:

Søklar må ha norsk autorisasjon som tannlege ved tilsetjingsdato. Det er ønskeleg med erfaring frå allmennpraksis og med undervisning. For å få fast tilsetjing er det ønskeleg med minimum to års erfaring som tannlege frå allmennpraksis. Søklar bør ha anna stilling utanom Institutt for klinisk odontologi for å oppretthalde sine kliniske ferdigheiter.

Søklar må ha gode kunnskapar i norsk, kunne arbeide sjølvstendig, vere ansvarsmedviten, fleksibel og ha gode kommunikasjons- og samarbeidsevner. Ved vurdering av søklar vil personlege eigenskapar verte vektlagd.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

For stillingane gjeld [Særavtale om arbeidsvilkår m.v. for instruktørtannlegar ved universiteta i Oslo og Bergen](#).

### Vi tilbyr:

- spennande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- stilling som instruktørtannlege (kode 1015) er lønt i lønnssteg 58-66 etter kvalifikasjonar (for tida 505 800 - 586 500 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling), alternativt kode 1353 for søklarar som har spesial-/spesialistkompetanse
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

### Søknaden skal innehalde:

- søknadsbrev der du seier noko om din motivasjon for stillinga, kvifor du søker og kvifor du passar til stillinga
- oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)
- attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

### Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til seksjonsleiar førsteamanuensis Dagmar Bunæs, tlf.: 55 58 66 47 eller e-post: [Dagmar.Bunes@uib.no](mailto:Dagmar.Bunes@uib.no)

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad, CV og vedlegg sendes elektronisk via lenke på denne sida.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

### Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og sju senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 170418, Søknadsfrist: Avsluttet